

Harrys uke

Sorg er en pike

Ein underleg vinter

Av Frøydis Storaas

Ein underleg vinter heiter ei av biletbøkene Frøydis Storaas tar for seg i denne meldinga. Også dei andre to har det underlege som viktig aspekt ved seg, så ulike som dei elles er. Alle fortel dei om, eller representerer brot på ein eller annan måte, oppbrot frå ein vanskeleg kvardag, brot med det realistisk mogelege, brot med ein sjangertradisjon. Her er bilete og tekst å undre seg over, – også for vaksne lesarar.

Eit koldsleg land

Trass i at vi under det siste ti-året etter kvart har vant oss til å sjå at nye område frå vaksenlitteraturen er blitt lagt under biletboka sitt domene, opplever vi likevel boka *Sorg er en pike* som tydeleg grense-sprengjande.

Arild Nyquist som har skrive teksten har ti biletbøker bak seg, tilkomne i samarbeid med ulike illustratørar. Denne gongen er det Fam Ekman. Ho på si side har oftast stått for både tekst og bilete i sine eigne bøker. Denne gongen må ho ha funne ei sjel – eller ein tekst – i slekt med seg, for sjeldan går tekst og bilete opp i ei eining som her.

Teksten er inga samanhagande forteljing som knyter seg til eit tidsforløp. Den er meir i ei lyrisk form, ei rad bilete, men knytt til nokre gjennomgangs-figurar, eit hus i ein hage ein diffus stad, transportmidlar som buss, tog og sykkel.

Det er eit eg som fortel, jenta Lillen som bur i huset. Stundom ser ho Sorg gå nede i hagen med steinar i ei korg. Ho ser det blir dekkja på bordet:

*For Sorg har også egen tallerken.
Men hun spiser av min.*

*Gladest er jeg når hun vandrer nede
på veien med stener i kurven.
Men som regel sitter hun her. På
min plass. Og spiser med min
hånd.*

Ingen andre heller er glade i dette huset. Ingen snakkar venleg med kvarandre. Mor går over tunet "som et inntørket tre med armene ut til hver side". Dei tre ekspeditørane "bukker som stykker av gammel papp". Tomatane som blir dyrka i hagen, blir like gjerne kasta i veggjen. Ingen kjem. I draumane til Lillen buldrar bussen og toget vidare – "drøm er som et lukket rom uten dør og uten håndtak". Slik er heile tilværet til jenta – om dagen får ho lyst til å setja seg på kyrne – dei opptre også brått i teksten komne ingen stader frå og høyrande heime ingen stader – og fara avstad, "forsvinne ut i et stort, blått bilde der alle tankene er".

Så må ho då sleppa ut ein dag? Nei, ho gjer ikkje det. Men ho møter Sorg i skogen til slutt. "Lillen, jeg vet det er deg, hvisket hun bak speilet".

Illustrasjonane pyntar ikkje på noko. I sluttbiletet førekjem ikkje spegelen ein gong, den som repre-

senterer ei slags løysing. Lillen/Sorg står åleine i svart silhuett med ryggen til oss. Ho vinkar med ei stiv hand mot svivande lokomotiv, ein kald måne, ei svart kyrkje med kross, trugande svarte fjell og kompakte skyer som liknar fjell dei og. Ei tørr grein strekkjer seg inn frå biletkanten mot henne, og fargane verkar kalde og giftige.

Det er som om det foruroligande og farlege som nesten alltid har lege på lur i Fam Ekman sine biletbokillustrasjonar, men vorte motverka av den litt "snillare" teksten hennar, først no har funne ein like mørk tekst.

Bileta, som fyller ut rektangulære rammer vekslar i storleik. Svært mange er i svart-kvitt med sterke kontrastar, somme har farge-innslag, men det svart-kvite dominerer også i desse. Dette gjev eit gjennomgåande hardt, luftomt inntrykk, noko som forsterkar det surrealistiske preget desse illustrasjonane har. Figurframstillinga er karikerande. I ein annan kontekst ville kanskje desse bileta blitt humoristisk oppfatta – her ser vi nok mest det framandgjerande audslege og den skjerande ironien. Biletrommet er samansett av laus-

rivne element – ei trapp, ein sykkel, fjell og tre som tykkjest skorpe ut i papp, heimlause og utan jord-forankring.

På same tid har desse bileta i seg ein underleg poetisk og framand venleik. Bruken av svart skaper samanheng og rytme gjennom heile boka, plasseringa på sidene likeins. Biletelementa er utnytta dekorativt med stor fantasi, mange stader skaper bølge- og rute- og prikkemønster ein forsterka dekorativ rknad.

Det er ei Kafka-verd vi kjem inn i med denne boka, som Ingeborg Mjør peikar på i ei melding i *Dag og Tid*. Ved hjelp av brokker som verkar samanhengslause dersom ein leitar etter ein vanleg forteljestruktur, blir det skapt ei kjensle av framandskap og uhygge. Men les ein litt annleis, meir simultant og "vandrandre", meir likt ein biletlesemåte, knyter brokkene seg saman, og dei skaper ei kald og fiendtleg verd der barnet er uhjelpelig fanga. Slik sett fungerer det meir enn berre dekorativt når dei fleste bileta er små og sette fleire inn på ulik stad på tekstsidene, tekst og biletleseing er nærare kvarandre enn in er van med.

Vi ser til dømes at mange av brokkene har med kommunikasjon å gjera: buss, bil, tog og sykkel, post og postkasse. Men menneska sine keivelege og vridde kommunikasjonsforsøk mislukkast grundig. Onkel Hans (som til overmål har berre ein arm, den andre har han mist i krigen) skyt piler; han. Og meiner han har skote blink "i Dante Katlinkas hjerte" når pila står langt utanfor blinken. Ho på si side vender seg hånleg bort.

Det grensesprengjande ved denne boka ligg i å introdusera ei Kafka-verd for barn. Som meldaren i *Dag og Tid* meiner vi det er god grunn til å spørja om vi verkeleg vil det.

Men det kan kanskje og vera

grunn til å spørja om *Sorg er en pike* i det heile er tenkt for barn. Det ser på mange måtar ut til å vera i alle fall noko av Fam Ekman sitt prosjekt å sprengja også den grensa. Og litterært sett ville ikkje *det* by på noko problem med denne boka, tilliks med nokså mange andre biletbøker. Problemet ligg i heile konteksten, alt som heiter marknadsføring, sal, distribusjon. Der er grensene godt vakta, det veit vi, og difor treng vi slike utfordrarar som denne boka.

Ein underleg ferie

Harrys uke med bilete og tekst av Gerhard Stoltz følgjer eit handlingsmønster som i og for seg er velkjend: Harry er på ferie åleine med foreldre. Han kjenner seg litt oversett, er anten for stor eller for liten alt etter som det høver dei vaksne. Men han er handlekraftig og fantasifull, og han møter dessutan ein hjelpar – ein hund – som saman med den vendinga sakene tek, set foreldra på betra tankar.

Det er altså ikkje her det underlege kjem inn. Meir ligg det i den måten forteljinga tek av frå det realistiske, og i illustrasjonane.

Boka har relativt meir tekst enn vanleg før ei biletbok og skulle slik sett høva svært godt som ei "ordentleg" bok for debutantar i lesekunsten.

Harry kjedar seg og må finna på noko. Han legg ut på ein ekspedisjon for å finna ting å byggja med. Kva han skal byggja? Det skal byggverket sjølv få bestemma – "jeg bare begynner nederst i den ene enden". Han finn mange ting som han puttar i sykkelveska si, både deler av vekkjarklokker og ei bok med kakeoppskrifter, men også "en sval vind fra vest, massevis av godt humør, lyden av et tog langt borte", og mykje meir. Medan han leita etter en god begynnelse møter han den heldige hunden Rudolph.




Ein av Fam Ekman's illustrasjonar i *Sorg er en pike*

Som funna Harry gjer er ei blanding av konkrete gjenstandar og abstrakte fornemmelser og begrep, går også hunden inn og ut av illustrasjonsplana. Han er "relativt hemmelig" og snakkar ikkje til kvensomhelst. Berre når det knip for byggverket til Harry ute i hagen, det mest fantastiske tårnet i verda, ser hunden seg nøydd til å avsløra identiteten sin for foreldra med det resultatet at dei i staden for ein haug med skrot ser eit verk som er, godt gjort og mest av alt "så fabelaktig fantastisk godt funnet på". Og så stikk Rudolph, med lovnad om å koma att "hvis det er bruk for meg".

Illustrasjonane tek tak i det luftige og underbyggjer denne hylles-

Ein av Gerhard Stoltz' illustrasjonar i *Harrys uke*



ten til kreativiteten og aktpågevin- ga av dei små og bortgøymde tinga i tilværet. Hunden, med halen vek- sande opp over sida til ein trium- ferande spiral, er introduksjonsfi- gur. Treet, som Harry klatrar opp i for å tenkja, er blitt eit lett grønt bladornament som ramar inn tek- sten. Den lange vegen han tenkjer han må gå fram til han blir stor, er streka opp med spisse svingar, og tårnet som er bygd av revehola og toglyden og snarvegen og barne- vognsunderstellet og bildøra og fly- turen og alle dei andre delene, veks opp over ei heil side på slutten.

Den følsomme samanhengande tusjstrekken til Stoltz kjenner vi att. Stundom formar han reint abstrakte dekorative mønster.

Andre gonger legg streken seg blidt i ringar rundt hovudet til Harry og er tankane hans eller lagar eit spissare mønster rundt det misnøg- de fjeset til faren, stundom lagar lette strekar ein nydeleg kattehale. Men fargane er denne gongen ikkje dei intenst vibrerande måla flatene vi vanlegvis knyter til denne kunst- naren, men fargekrit lagt på i svake, heilt lette pastelltonar.

Gerhard Stoltz er ein nyskapan- de barnebokillustratør. Han lagar ikkje bilete av handling og kom- plekse situasjonar, vi finn ikkje ytre miljø i vanleg forstand. Derimot vel han ut, ytterst medvite, element som han forenkler og forenkler så dei står der sjølvsegde og formidlar ein ny slags poesi. I eit mildt, uhøgti- deleg, dekorativt formspråk tek han vare på det uanselege i tilværet, sporar vår finnarglede så vel som Harry si, så vi ser at eit byggverk reiser seg ikkje av det handgripele- ge åleine.

Bort frå ein vanskeleg kvardag

Gro og mor hennar i *Ein underleg vinter* (tekst Rønnaug Kleiva, bilete Malgorzata Piotrowska) finn så visst ingen hjelparar. Dei lyt ta saka i si

eiga hand. Og trass i at løysinga dei vel realistisk sett er umogeleg, skjer det ingenting overnaturlig. Dei pakkar mengder av mat, dei er utstyrde med spade og lykt, og dei grev seg eit hol fram i dagen når bilen med dei sjølve i er blitt teken av ei snøras. Og så bestemmer dei seg rett og slett til å bli der, til det blir vår!

Det dei reiser frå, er ein kvardag så vanleg at det er trivielt, men difor ikkje mindre vanskeleg for mange: Gro og mamma er åleine med kvar- andre. Gro har ikkje lyst til å gå i barnehagen, for der ertar dei henne for at ho er for tjukk. Mamma har ikkje lyst til å gå på arbeid heller, ho vil heller vera heime så ho kan hjel- pa Gro. Så er det dei dreg sin veg, gjev seg ut på måfå og går i vinterhi, bokstaveleg tala. Den dagen liene er snøfrie, "fiolette nett slik før – grøne kryp dei ut att i dagen, solar seg og plukkar kvitveis. Neste dag haikar dei til byen, og Gro bed sjølv om å bli sett av ved barnehagen. "Hallo, her er eg, ropar eg til dei andre ungene. – Er de der?"

Gro og mora realiserer altså det som dei aller fleste stundom fanta- serer om, å stikka frå alt og alle, melda seg ut og lata verda gå sin gang. I hiet skaper dei seg inga "meningsfylt fritid", det er ikkje for å leva livet dei har stukke av. Dei søv, sparar på maten, og Gro lagar snøskulpturar og sitjeplassar. Ber- re på fødselsdagen til Gro kveikjer dei stearinlys og skaper litt stem- ning, men då slår også mamma fast at no er det nok.

Malgorzata Piotrowska har illu- strert fleire biletbøker. Denne er i akvarell med effektar av dekkjande kvitfarge i eit skikt over, striping, skvetting og avtrykk brukt slik at det skaper eit gjennomsliktig inn- trykk. Det er svært vakkert og verk- nadsfullt, særleg i bileta av snøfok og ras. Her er det eit minimum av visuelt attkjennelege element, i oppslaget med raset er det stort sett

berre bilen. I staden ligg dramatik- ken i uroleg flekkvis pålegging av fargen, det går ras der og. Det botn- lause mørket dei to køyrer inn i på neste side er rolegare, men fullt av tunge, djupe fargar.

I det heile understrekar farge- bruken sterkt handling-sekvensa- ne og utgjer eit tydeleg rytmisk ele- ment: Først får vi eit blått bilete med eit einaste gyllent punkt, det opp- lyste vindauget med den einsame vesle familien i dei tunge husbrok- kene. Så kjem ein "heimedel" hal- den i litt eigenarta klanger av blå- fiolett og gul-oransje. Deretter kjem snøholedelen i nokså konsekvent blågrønt avgrensa mot sluttsekven- sen som er i dei same fargane som før røminga, berre endå blåare og gylnare.

Boka endar altså med optimis- tisk opning mot framtida. Og det trass i at den løysinga dei to valde då det floka seg til, var alt anna enn heroisk.

Kanskje nettopp difor er det så velgjerande å lesa. Som ei motvekt i ein kultur der botevona mot alle vanskar er aktivitet, action. Desse to, dei kviler og ventar. Helsar på våren og prøver på nytt.

Tre biletbøker, alle nyskapan- de, spennande. Alle tek dei opp eksis- tensielle spørsmål, om å veksa, skaffa seg rom og ta seg fram i ei vanskeleg verd. Lillen møter seg sjølv og erkjenner sorga, Harry byg- gjer tårnet sitt av barnevognsdelar og svale vindar, og Gro dreg seg tilbake ei stund og kjem sterkare att. Kven sa at det seriøse treng å gå ut over underhaldningsverdien?

Arild Nyquist/ Fam Ekman: *Sorg* er en pike. Aschehough 1991.
Gerhard Stoltz: *Harrys uke*. Eide forlag 1991.
Rønnaug Kleiva/ Malgorzata Piotrowska: *Ein underleg vinter*. Det Norske Samlaget 1991

Frøydis Storaas er høgskolelektor ved Bergen lærarhøgskole.